


Kommunereform

Presentasjon av ulike alternativ

2.MARS 2016

JONSVOLL

Driftinntekter og –utgifter, pr innbyggjar




Frie inntekter, kr pr innbyggjar




Fond, kr pr innbyggjar



Netto lånegjeld, kr pr innbyggjar



Utgifter til pleie og omsorg, helse og sosial, kr pr innbyggjar




Undervisning, kr pr innbyggjar 6-15 år




Barnehage, kr pr innbyggjar 1-5 år



VA-kostnad, kr pr husstand (2015)



Administrasjon, kr pr innbyggjar



Økonomiske verkemiddel i kommunereformen

Inndelingstilskot, beheld basistilskot, distriktstilskot og småkommunetilegg i 15 år, avtrapping over år

- Ullensvang, Odda, Jondal: 33,8 millionar årleg
- Kvam, Jondal: 11,8 millionar årleg

Eingongsstønad

- Ullensvang, Odda, Jondal: 30 millionar
- Kvam, Jondal, 20 millionar

Reformstøtte

- 5 millionar for begge alternativ

Utslag nytt inntektsystem

Ved å stå åleine	I 1000 kr	Kr pr innbyggjar
Kvam	-11 502	-1 355
Jondal	776	704
Ullensvang	-2 457	-724
Odda	-2 876	-414

Samanslått	I 1000 kr	Kr pr innbyggjar
Ullensvang, Odda, Jondal	4 700	410
Kvam, Jondal	1 000	104

Kva er ein intensjonsavtale?

Ein viljeserklæring

Eit grunnlag for innbyggjarmedverknad

Beslutningsgrunnlag for kommunale vedtak

Ikkje juridisk bindande for ein eventuell ny kommune

Intensjonsavtalane inneheld følgjande punkt

1. Mål for den nye kommunen
2. Kvifor ein ny kommune
3. Prinsipp for samanslåing
4. Kommunenamn, administrasjonssenter og kommunevåpen
5. Lokaldemokrati
6. Tenestetilbodet
7. Samfunnsutvikling
8. Særskilde tema
9. Prioriterte investeringsprosjekt

Kva er likt i dei to avtalane? (1)

Tema	Ullensvang, Odda, Jondal	Kvam, Jondal
Mål	«... ny, livskraftig, attraktiv kommune...» «... sikra innbyggjarane i dei tre kommunane gode tenester i framtida.»	«... livskraftig einskapleg kommune..» «... skal levera gode tenester til innbyggjarar og næringsliv, og vera ein stad folk ønskjer å bu.»
Kvifor	«... større og sterkare fagmiljø, meir stabil rekruttering av relevant fagpersonale med god kompetanse.» «... mindre sårbar tenesteyting» «... god og offensiv nærings og samfunnsutvikling gjennom mellom anna meir koordinert arealplanlegging for den nye kommunen.» «... takla nye oppgåver...»	«... større og sterkare fagmiljø, meir stabil rekruttering av relevant fagpersonale med god kompetanse.» «... mindre sårbar tenesteyting» «... gjera administrasjon og tenesteyting meir effektiv, der vinsten skal nyttast til betre tenester..» «... god og offensiv nærings- og samfunnsutvikling.»
Prinsipp	«... prega av likeverd, vidsyn og forståing.» «Tilsette i dei tre kommunane skal ikkje verta sagt opp.....nye oppgåver...»	«... prega av likeverd, rausheit og forståing.» «Tilsette i dei tre kommunane skal ikkje verta sagt opp.....nye oppgåver...» «...vidareutvikla lokalsamfunna i tidlegare

Kva er likt i dei to avtalane? (2)

Tema	Ullensvang, Odda, Jondal	Kvam, Jondal
Språk	Nynorsk (- herad)	Nynorsk (- herad)
Tenestetilbod	«... yta gode og kostnadseffektive tenester til innbyggjarane sine.» «... utvikla meir digitale tenester....» «... kommunale treffpunkt i noverande kommunar.» «Ein andelsmessig fordeling av sentrale funksjonar som IKT, økonomi, post/arkiv og andre støttefunksjonar skal lokalisert til kommunedelsentra (Kinsarvik og Jondal)	«... yta gode og kostnadseffektive tenester til innbyggjarane sine.» «... sterk satsing på meir digitale tenester....» «... Jondal som lokalsenter ...» «... oppretthalda eit andelsmessig likt tal arbeidsplassar som i dag.»
Tenester	«Skuletilbod skal ikkje endrast som følgje av kommunesamanslåing» Barnehagetilbod skal ikkje endrast som....» «Den nye kommunen skal ha eit godt kulturskuletilbod.»	«Det skal fortsatt vera 1-10 skule, kulturskuletilbod og symjebasseng lokalisert i Jondal.» «Barnehagetilbodet skal oppretthaldast i dei noverande kommunane.»

Kva er likt i dei to avtalane? (3)

Tema	Ullensvang, Odda, Jondal	Kvam, Jondal
Tenester	<p>Desentraliserte tenester:</p> <p>Sjukeheim: helse og omsorgssenter med legeteneste, fysioterapi, helsestasjon med meir</p> <p>Lækjarkontor</p> <p>Brannstasjon</p> <p>Bibliotekfilial</p> <p>Bufelleskapet Vik: «.. oppretthaldast, og vurderast utvida med fleire plassar...»</p> <p>«Frivillig sektor og kulturinstitusjonar skal ha føreseielege rammer.»</p>	<p>Desentraliserte tenester:</p> <p>«... mellom anna lege, helsesøster, jordmor, psykisk helse og heimebaserte tenester. Legekontor og sjukeheim skal oppretthaldast i Jondal.»</p> <p>Brannstasjon</p> <p>Bibliotekfilial</p> <p>«Bufelleskapet i Vik skal oppretthaldast og vidareutviklast.»</p> <p>«Frivillig sektor og andre kulturinstitusjonar skal ha gode rammer.»</p>
Teknisk	<p>«...tenester som krev nærleik til brukarane er lett tilgjengeleg i heile kommunen.»</p>	<p>«...tenester som krev nærleik til brukarane er lett tilgjengeleg i heile kommunen.»</p>
Eigedoms-skatt	<p>«...avgjerd vil liggja til kommunestyret i den nye kommunen.»</p>	<p>«...avgjerd vil liggja til kommunestyret i den nye kommunen.»</p>

Kva er likt i dei to avtalane? (4)

Tema	Ullensvang, Odda, Jondal	Kvam, Jondal
Nærings utvikling	«..fremja verdiskaping og vekst i livskraftige lokalsamfunn.» Statlege arbeidsplassar, reiseliv, landbruk, marin næring, industri	«..fremja verdiskaping og vekst i livskraftige lokalsamfunn.» Statlege arbeidsplassar, reiseliv, landbruk, marin næring
	«..aktiv pådrivar for å betre ferjetilbodet på strekningane Utne-Kinsarvik-Kvandal og Jondal-Tørvikbygd.»	«..aktiv pådrivar for å betre ferjetilbodet mellom Jondal-Tørvikbygd.»

Og kva er ulikt? (1)

Tema	Ullensvang, Odda, Jondal	Kvam, Jondal
Namn	Ullensvang kommune	XX herad– Namnekonkurranse?
Adm. senter	Odda	Norheimsund
Kommunevåpen	Utgangspunkt i Ullensvang sitt	Utgangspunkt i Jondal sitt
Demokrati	33 kommunestyrerepresentantar 9 i formannskapet	27 kommunestyrerepresentantar 9 i formannskapet
		Oppretting av grendeutval som Kvam har i dag
Tenester	«Odda blir utgangspunktet for eit felles helse og omsorgsenter for den nye kommunen som skal innehalda legevakt, legevaktsentral, ØH-senger helsestasjon, fysioterapi, psykolog og jordmor	«Toloheimen blir utgangspunkt for eit lokalmedisinsk senter som skal innehalda: legevakt, ØH-senger, rehabilitering og behandlingssenter, ambulansestasjon.»
Tekniske tenester	«Felles plankontor skal vera lokalisert i Jondal.»	

Og kva er ulikt? (2)


Tema	Ullensvang, Odda, Jondal	Kvam, Jondal
Næringsfond	«Lokale næringsfond skal opprettast med egne styre.»	Felles næringsfond basert på årleg konsesjonsavgift. «Dette skal slåast saman til eit fond, men $\frac{3}{4}$ av den årlege konsesjonsavgifta som elles ville blitt tildelt Jondal kommune skal øyremerkast tiltak i Jondal i ein periode på 15 år.»
Andre tema		«Kommunen skal vera ein del av Helse Bergen sitt føretaksområde.»
	«Den nye kommunen skal arbeida for tenelege statlege vegsamband og god intern kommunikasjon til alle delar av kommunen	«Hordalandsdiagonalen underbyggjer ei felles satsing på aust/vest samband gjennom den nye kommunen..»
	«...pådrivar og bidragsytar til vidare satsing på fiber.»	

Og kva er ulikt? (3)


Tema	Ullensvang, Odda, Jondal	Kvam, Jondal
Investeringar	Informera kvarandre over 1 mill	Informera kvarandre over 10 mill
Budsjett		«..balansert budsjett/økonomiplan..»
Økonomi	Eingongsstøtte: 35 millionar	Eingongsstøtte: 25 millionar
	Inndelingstilskot: 33,8 mill årleg i 15 år, nedtrappa over neste 5 år	Inndelingstilskot: 11,8 mill årleg i 15 år, nedtrappa over neste 5 år
	Unytta konsesjonskraft: 9,3 GWh	Unytta konsesjonskraft: 7,4 GWh

Prinsipp for utvikling i dei frie inntektene for perioden 2016-2039

ULLENSVANG, ODDA, JONDAL



KVAM, JONDAL



Å stå åleine i høve til måla for reformen (1)

Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane

- Nærleik til tenestene – lett å ta kontakt
- Brukarane mest nøgd i små kommunar
- Kompetanse og rekruttering viser små systematiske skilnader mellom kommunestorleik, sentralitet og region

Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling

- Lettare å halda fokus på utvikling i eige geografisk område
- Mindre fare for sentralisering – samanheng med arbeidsplassar
- Ved samanslåing forsvinn Jondal og andre småkommunar frå offentlege statistikkar

Å stå åleine i høve til måla for reformen (2)

Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar

- Redusert økonomi ved samanslåing
- Liten effektivisering av administrasjon når storleiken kjem over 10 000 innbyggjarar
- Store kostnader til omorganisering
- Overvurderte effektar av omorganiseringar og reformar

Styrka lokaldemokrati

- Færre folkevalde – større avstand – vanskelegare å påverka
- Færre som får demokratisk erfaring og kunnskap
- Distrikta mister talspersonar